


Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 – Haust 2017 – 88. årg.



Seljord Prestegard

Selg og Sjøgtid

REDAKSJON:

Kyrkjekontoret
Telefon: 480 85 754
Bankgiro: 2711.20.31826
post@seljordkyrkje.no

Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00
Onsdag 09.00-13.00
Torsdag 09.00-13.00
Elles treffetid etter avtale.
Kontoret kan være ubemanna pga oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim
Mobil: 907 78 921
dag.harald@seljordkyrkje.no

Ungdomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409
petter@seljordkyrkje.no

Kyrkjevevjerje Jon Svartdal

Mobil: 917 23 967
jon@seljordkyrkje.no

Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470
keith@seljordkyrkje.no

Soknediakon

Svanhild Rui Gustavsen
Telefon: 480 85 754
Mobil: 915 77 011
svanhild@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden
Mobil: 907 84 971
ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

Mobil: 975 45 943
eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd:

Kristine Nystad
Mobil: 466 52 462

Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skårnes
Mobil: 909 49 415

Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing
Telefon: 958 67 866

Heimeside:

www.seljordkyrkje.no

Han gjekk og han såg og han sa

Seinsommaren 2017 var kyrkjelyden samla til messe på Kilen kapell. Messa var eit samarbeidsprosjekt mellom Seljord, Kviteseid og Lunde kyrkjelydar. Denne søndagen var preiketeksten henta frå Lukas 5, 27-32.

I vers 27, les me desse orda:

Sidan gjekk Jesus ut. Då fekk han sjå ein tollar som heitte Levi. Han sat på tollbua. Jesus sa til han: «Følg meg!»

Lukas nyttar her tre verb for å synleggjere Jesus og hans gjerning. Eit verb er eit handlingsord. Dei tre verba - handlingsorda - Lukas nyttar er gjekk, sjå og sa.

Jesus er vårt føredøme. Me skal late desse verba - desse handlingsorda - prege våre liv som kristne. Me skal gå, me skal sjå og me skal seie.

Kvar skal me gå? Me skal gå dit våre medmenneske er.

Kva skal me gjere? Me skal sjå våre medmenneske.

Kva skal me gje dei? Me skal bringe dei budskapet frå Jesus sjølv, dei same orda som han sa til Levi: Følg meg.



Seljord Prestegard

På framsida av dette nummeret av Helg & Høgtid kan du sjå Seljord Prestegard.

Seljord Prestegard er ein gammal bygning. Dei eldte delane – dei delane som står mot aust - skriv seg attende til 1654. Her har prestane med andre ord budd i fleire hundre år – Zacharias Schanke så vel som Magnus Brostrup Landstad.

Prestegarden er eit freda bygg. Dette gjeld både hovudbygningen, drengestova og stabburet. Det er naturlegvis grenser for kva som kan gjerast med eit freda bygg. Alle endringar inne så vel som ute må godkjennast av verneøvrige.

Det siste året har det skjedd ei omfattande fornying av kjøkenet på prestegarden, samt ombygging av inngang og vaskerom. Gjennom dette har bustaden blitt meir brukarvenleg enn kva som var stoda tidlegare.

Prestegarden er ein viktig del av identiteten til kyrkjelyden vår så vel som til bygda vår. Gjennom generasjonar har seljordingen gått til dette huset og fått gjort sitt ærend – i sorg så vel som i glede.

Difor er det viktig at me tek godt vare på han – han er vår prestegard – sjølv om det er Opplysningsvesenets Fond som er formell eigar.



Seljord Prestegard. Hovudbygningen i midten og drengestova til venstre. I bakgrunnen kan ein sjå litt av stabburet – den svarte bygningen framføre den raude. Tre som rammar inn hovudbygningen (ask til venstre og eik til høgre) er svært gamle.

*Seljord prestegard
som den såg ut før
ombygginga i 1906.*

*Fløyen til venstre
som blei kalla
"Herremaget",
er frå 1804, og blei
teken vekk i 1906.*

*Bildet er teke frå
tunet, og vi ser
Bjørgefjellet i
bakgrunnen.*

*Er det nokon som
veit kven dama på
bildet er?*



FAMILIEGUDSTENESTE PÅ DYRSKU'N



Korskulen i Bø deltok med mykje god song på årets dyrskugudsteneste i Seljord. Koret vart leia av Grete Hasselgård Sele.

Tradisjonen tru vart det også i 2017 halde familiegudsteneste på Dyrsku'n.

Opplegget var slik det pleier vere. Song av Korskulen i Bø under leiing av Grete Hasselgård Sele. Musikk av organist Rolf Lie og bassist Knut Eirik Hult. Kyrkje-tenar var Eilev Eiesland Bjørge, medan Berit Bakken Aase var tekstlesar og Dag Harald Undheim prest.

Litt spesielt at årets dyrskugudsteneste falt på vingardssøndagen, og at preiketeksta var nettopp likninga om arbeidare i vingarden.

Årets gudsteneste hadde mykje god oppslutnad. Alle sitteplassar var i bruk, og mykje folk som sto, og det kom inn eit godt offer til Kirkens Nødhjelp.

Neste år ønskjer me at det skal vere barne-dåp på denne gudstenesta. Eigentleg skulle det ha vore dåp i år, men i siste runde vart det avlyst.

Slekters gang

Seljord

Døpte:

Alise Haugan

Eilev Aasan

Vigde:

Ingunn Kagnes og Tor Inge Gåsdalen

Døde:

Torleiv Arne Kåsa f.1940

Arnhild Øygarden f.1926

Liv Tufte f. 1937

Rosa Martinsen f.1932

Kjell Arne Roheim f.1973

Flatdal:

Døpte:

Vemund Hansen Traaserud

Døde:

Tore Barstad f. 1937

Åmotsdal:

Døde:

Anny Synnøve Nordbø f. 1928

KYRKJESKYSS



Med jamne mellomrom kjem det førespurnad om kyrkjeskysst til kyrkjekontoret. Kyrkjekontoret har ei liste med namn på folk som har sagt seg viljuge til å gjere ei slik teneste.

Dersom du ønskjer kyrkjeskysst kan du ringje kyrkjekontoret på tlf. 480 85 754.

Me treng sjølvstagt fleire som kan vere med på tenesta. Dersom du har høve til å stå på lista over dei me kan ringje til når nokon treng kyrkjeskysst, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

BABYSANG VÅR 2017



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

Dagen er: onsdag

Tid: 11.30

**Datoane er : 4. oktober, 18. oktober,
1. november og 15. november**

VELKOMMEN!

Helsing frå Kyrkja i Seljord
v/Svanhild, soknediakon.

Viss du lurar på noko, ring:

Tlf. kontor: 480 85 754

Mobil: 915 77 011

Pilegrimsvandring frå Langlim til Åmotsdal



Karl Valhøvd delte mange og gode åndelige viser og songar med oss undervegs.



Toralf Nordgarden, til høgre på biletet, delte mykje av sin lokalkunnskap med vandrane.

Søndag 25. juni 2017 arrangerte kyrkjelysten i Åmotsdal pilegrimsvandring frå Langlim til Åmotsdal.

Vandringa gjekk langs den gamle kyrkjevegen over Vasen.

Undervegs vart det god tid til tekstlesing, sang og ettertanke - og god tid til mat og sosial aktivitet.

Mange med mykje lokal kunnskap deltok på vandringa, og desse delte velviljug av sine kunnskaper med vandrane. Tre av

desse var Toralf Nordgarden, Unn Kristin og Håvard Jønnardalen - alle tre frå Langlim.

Oppslutnaden om vandringa var mykje god.

Diakon og sokneprest i Seljord leia vandringa, saman med leiaren av Betelpinemenighet i Åmotsdal - Karl Valhøvd.

Vandringa vart avslutta med kyrkjekaffe og messe i kyrkja i Åmotsdal.

Landstaddagar 2017



Kari Lønnestad deltok med mykje fin sang og musikk under landstaddagane 2017 (Fotograf: Kjell Johan Nenseter).

Helga 18. - 20. august vart dei årlege landstaddagane arrangerte.

Denne gongen var arrangementet delt mellom Nutheim og Kviteseid. Landstad var jo sokneprest i Kviteseid og - før han kom til Seljord.

Foredragshaldarar var Ørnulf Hodne, Nina S. Alnæs og Anders Aschim, medan Kari Lønnestad deltok med sang og musikk.

Seminaret vart avslutta med messe i Kviteseid gamle kyrkje - og her deltok professor Torleiv Austad som peikar.

Minneord

Styret for Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter har med sorg mottatt meldingen om Sigurd Telnes' død 27. mai. Til tross for sin høye alder var Sigurd Telnes aktiv like til det siste. Det vil derfor bli veldig merkbart at en æra nå er slutt. Dette gjelder både i lokalsamfunnet, Seljord og omegn, og i arbeidet på nasjonalplan med å ta vare på arven etter M.B Landstad.

Styret vil også takke familien for at de pekte på Nasjonalt Landstadsenter som formål for minnegaver. Dette har tilført arbeidet kr. 18950,- På denne måten vil Nasjonalt Landstadsenter takke alle som ved sitt bidrag har villet hedre Sigurd Telnes' gode minne.

Denne høsten kommer Landstads storverk Norske Folkeviser (1853) ut på nytt som faksimile-utgave forsynt med en stor og spennende innledning av Ørnulf Hodne. Verket forelåg til Landstaddagane 18.-20. august. Det var mulig å sikre seg dette hovedverket i vår kulturhistorie i Terje Grøstads Atelier under seminaret der 19. august.

Som et uttrykk for vår heder og store takk til Sigurd Telnes og for å bevare hans minne blant oss har vi på tittelsiden i de to bindene med Norske Folkeviser satt følgende tekst: ***I takknemlighet tilegnet SIGURD TELNES (1925-2017)***
- som tok vare på arven etter M.B. Landstad. Må fred følge hans navn og minne!

Åge Haavik
styreleder

Sommarmesse i Manndal



Sosialt samvær kring graut, kaffi og kakur i Manndal søndag 20. august 2017.

Tradisjonen tru arrangerte soknerådet i Flatdal sommarmesse i Manndal kapell i slutten av august.

Messa hadde god oppslutnad. Sokneprest, diakon, kyrkjetenar og kantor hadde det praktiske ansvaret.

Som vanleg vart det servert graut etter at messa var slutt - skikkelig god graut frå Åmotsdal- og god kaffi og kakur frå Flatdal! Dermed vart det god ramme rundt det sosiale samværet etter messa.

Parkeringsplassar ved Seljord kyrkje

Vi har to temmeleg store parkeringsplassar ved Seljord kyrkje som er svært lite bruka, det ser ikkje ut som at folk veit om dei. Dersom du køyrer inn Prestegardsvegen og tek til høgre ned i byggefeltet, så ligg parkeringsplassane på høgre side midt nede i den vesle bakken. Dei blei i si tid fylt opp med stein frå Grunnåi kraftverk. Det går ein gangveg frå parkeringsplassane og opp til kyrkja forbi bårehuset. Det er særleg ved folkerike gravferder at desse er aktuelt å bruke, i staden for å parkere i køyrebanen i Prestegardsvegen og andre stader der trafikken blir hindra.

Samtidig må vi på det sterkaste beklage at det utvendige lydanlegget ved kyrkja



av ulike årsaker ikkje har fungert som det skulle i gravferder der folk har blitt ståande ute. Det vil bli retta på.

Jon Svartdal

Messe på Anåskosi

Søndag 16. juli 2017 arrangerte soknerådet i Åmotsdal fjellmesse på Anåskosi i Langlim. Anåskosi er heimplassen til forfatteren og læreren Aslaug Høydal.


Mange fann vegen til fjells denne søndagen, og messa vart difor gjennomført med god oppslutnad.

I tillegg til dei vanlege innslaga i messa, var det og sang av Halvor Bringa, samt orientering og forteljing om Anåskosi av eigaren Hallgrim Høydal.

Det var god tid til mat og prat, og været var fint. Soknerådet sto for kaffe og vaflar.



God oppslutnad om fjellmessa på Anåskosi 16. juli.



Hallgrim Høydal ga ei levande og fin forteljing om Anåskosi.



SELJORD VARMESERVICE AS
www.seljordvarme.no eller ring oss på 35 08 41 00

Reformasjonsmarkering i Øvre Telemark

Det er jubileumsår for reformasjonen i år - det er 500 år siden Martin Luther i 1517 satte tesene på kyrkjedøra i Wittenberg.

Jubileet for reformasjonen vert markert på mange vis rundt omkring - i vårt eige land så vel som i andre.

I Øvre Telemark prosti skal jubileet markerast på to ulike vis: Stort reformasjonsjubileum på Notodden søndag 29. oktober - med blant annet jubileumsgudsteneste i Notodden kyrkje.


På sjølve reformasjonsdagen - 31. oktober 2017 - skal det ringjast med kyrjeklokkene i heile Øvre Telemark kl 18:00, samt haldast ei enkel preikegudsteneste i alle kyrkjer. Hos oss i Seljord vil dette gjerast i kyrkjene i Seljord, Flatdal og Åmotsdal.



Seljord



Flatdal



Åmotsdal

På reformasjonsdagen - 31. oktober 2017 - skal det ringjast med kyrjeklokkene i alle kyrkjene i Øvre Telemark kl 18:00. I Seljord vil dette skje i dei

tre hovudkyrkjene - Seljord, Flatdal og Åmotsdal. Samstundes skal det haldast ei kort preikegudsteneste.

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde.

Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. **kirkens-sos.no**

Reformasjonsfest i Øvre Telemark



Dette året markerer den Lutherske kyrkja over heile verda at det er 500 år sidan reformatjonen. I Øvre Telemark prosti samlast alle kyrkjelydane til reformasjonsfest søndag 29. oktober på Notodden.

Programmet startar med jubileumsgudsteneste for heile familien i Notodden kirke kl. 11. Her vert eit stort samansett barnekor sentralt i gjennomføringa av ei messe som er spesialskriven for jubileet.

Etter gudstenesta tek me heile byen i bruk. Det vert pølsefest på menighetshuset med kiosksal og tårnsafari. På Telemarksgalleriet kan du sjå utstillinga Sola Gratia – kunst og kirke i 500 år, og i Heddal vert det omvising i Stavkyrkja og servering av middag i Kafe Olea.

Klokka 16.00 vert det stor jubileumsforestilling i Notodden kirke med krefter frå heile prostiet. Det er ingen andre gudstenester i Øvre Telemark denne søndagen, og kyrkjelydane i prostiet organiserer transport til Notodden.

Sjølve reformasjonsdagen, tysdag 31. oktober vert det ringt med klokkene og halde ei enkel preikegudsteneste kl. 18.00 i alle kyrkjene i Øvre Telemark.

RING

SOS

22 40 00 40

SKRIV

SOS

MELDING

SKRIV

SOS

CHAT



KIRKENS
SOS



Diakonens hjørne

*Lange dagar, ljose netter er forbi,
haustens vindar spelar opp sin melodi,
lauv fell av, fugl flyg over hav,
ein sommar farvel, takk for alt du gav!*

Ja, så er sommaren tilbaketrukket, men me har mykje å glede oss til i haustsemesteret også. Nå er babysongen godt i gang, foremiddagstreffa ligg som perler på ei snor i alle tre sokna, og dyrsku'n er eit storhende kvart år.

Oktober kjem med feiring av reformasjon, stor felles gudsteneste i Notodden kyrkje kl. 11.00, og med ymse andre innslag utover ettermiddagen.

På sjølve reformasjonsdagen 31. oktober, blir det ei enkel preikegudsteneste i alle tre kyrkjene våre kl. 18.00.

I november er det Allehelgensdag, da vil me minnast dei som er gravlagt i alle tre sokna sidan sist Allehelgensdag. Me les namna og tenner lys for kvar enkelt, syng saman, høyrer dikt og musikk, og ein liten andakt. Det blir i Seljord kyrkje, om kvelden. Prest og diakon er tilgjengelege for ein prat etterpå, dersom nokon ynskjer det. Velkommen til kyrkje!

Med ynskje om ein fin haust til dykk alle! Av og til kan det vere godt å ha nokon å dele tankane med, så om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt. Tlf 915 77 011/ 480 85 754

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

Svanhild, soknediakon



Hjarteleg takk
for minnegåva
som vart gjeven ved
Anny Synnøve Nordbø
si gravferd

*Helsing
tilsette i heimesjukepleia
Seljord kommune*

Songkveldar på Flatdal Samfunnshus

Eit samarbeid mellom soknerådet i Flatdal,
misjonslaget i Flatdal og Sion.

Datoane for hausten er:

6. oktober, 3. november og 1. desember

For våren 2018 er datoane:

2. februar, 2. mars, 6. april og 4. mai



Organistens spalte

Gudstjeneste i Seljord kyrkje søndag 8. oktober kl. 11.00

Eilev Bjørge vil lede menigheten i salmer fra den keltiske tradisjonen under dagens høymesse. Alle salmene finnes i den nye salmeboken.

Konsert i Seljord kyrkje onsdag 18. oktober kl. 19.00 Yügen

Håkon Aase og Marthe Lea utformer en sjangeroverskridende duo som presenterer egne komposisjoner og tradisjonsmusikk i improviserte former. De henter tydelig inspirasjon fra norsk folkemusikk,

klassisk musikk, så vel som indiske og andre østlige tradisjoner. Sammen beskriver de øyeblikk, som når trosten forsvinner i horisonten, uten at man undrer seg over hvor den kom fra eller hvor den er på vei. Billetter ved inngangen.

Marthe Lea - sax, vokal, gitar, div.
Håkon Aase - fele, harmonium, div.

Salmekveld i Flatdal kyrkje søndag 19. november kl. 19.00

Vi feirer reformasjonsjubileum med salmer av Martin Luther og orgelmusikk basert på Luther-salmer.

Ljosmesse i Åmotsdal kyrkje søndag 26. oktober kl. 17.00

Vi gleder oss til musikk ved Silje Mikkelsen på fløyte under årets ljosome.

Keith mob: 97009470 – keith@seljordkyrkje.no



Håkon Aase og Marthe Lea.



KVEN ER VI?

Ønsket og Elsket er eit ungdomsarbeid i Den norske kyrkja i Øvre Telemark prosti. Vi arrangerar felles tiltak for konfirmantane i prostiet og vi driv eit leiarprogram for ungdomsleiarar frå etter konfirmasjonsalder og oppover.



KVA GJER VI?

I slutten av april arrangerar vi Konf. Kick-off for alle 8. klassingar på Dyrsakuplassen i Seljord. Om sommaren er det konfirmasjonsleirar på Gjennestad i Stokke, der konfirmantane er éi veke på leir, noko som utgjer ca. halve konfirmasjonstida deira. På våren har vi konfirmanttreff i Seljord, med turneringar, konkurransar, aktivitetar og info. om Kirkens Nødhjelp og Fasteaksjonen.

For konfirmantar som av ulike grunnar ikkje får vore med på sommarleir, arrangerar vi også eit eige pilegrimskonfirmantopplegg.

I leiarprogrammet vårt er ungdomsleiarane med som leiarar på alle arrangementa for konfirmantane. I tillegg har vi eigne samlingar, turar og leirar for leiarane gjennom året. Alle som vil vera leiarar på konfirmasjonsleirane om sommaren må følgja vårt leiarprogram.



KVIFOR?

Vi ønsker å gje ungdom gode opplevingar saman med andre, og å formidla at alle er ønska og elska, av Gud og i fellesskapet vårt. Det gjer vi ved å skapa arenaer der ungdom kan vere saman og ha det gøy, og med stort rom for å dela tankar om Gud og tru. Vi ønsker å byggja store og robuste fellesskap, med Jesus som eit tydeleg sentrum, der ungdommane både kan få oppleve å vera ein del av noko større, samtidig som det er i eit trygt og godt miljø der alle blir sett og er velkomne.

KONTAKT/INFORMASJON



Facebook:
Ønsket og Elsket



Snapchat:
onsketogelsket



Instagram:
@onsketogelsket

Petter Jakobsen, ungdomsprest/dagleg leiar:

Tlf.: 909 51 409 E-post: petter@seljordkyrkje.no

Web: onsketogelsket.no



SWECO 

Vekanvegen 10
3835 Seljord
Telefon 35 06 44 44

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

**T Nordgarden
Bygg**

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

**ATELIER
ÅASE**

3840 SELJORD
Telefon 350 50 809

SAUM
VEV
TREARBEID
STOFF
GARN

Alt i møblar
BoSenteret as

35 06 53 33

Møbel- og teppeforretning
Postboks 44 - 3835 Seljord

Smarte klær hele året fra
EVELYNS MAGASIN A/S

Seljord - Telefon 350 50 955

MIN SALONG

Damefrisør

Seljord - Telefon 350 50 296

T. TVEITAN A/S

Brøløsvegen - 3840 Seljord
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør
Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker





granvin kulturhus
seljord

Granvin kulturhus AS

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær
Ta kontakt med oss.

Nyveg 16. 3840 Seljord – Telefon: 35065990

epost: post@granvinkulturhus.no – www.granvinkulturhus.no



Telefon 91 76 76 72

Ivar Johansen
Seljord

Gravminner

Navnetilføyer
Omslip og oppussing



STEINRIKET
NORDICSTONE AS

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjodalyng - Telefon 33 15 64 64 - www.steinriket.no

BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817



byggmester@live.no



Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal
Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661
www.flatdalhandlaft.no





TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag
klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière.
Hørselshemmedes Landsforbund – www.hlf.no



BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



seljord
Sparebanken DIN

Lokalbanken i Vest-Telemark
Tlf: 35 06 57 00
www.sparebankendin.no
firmapost@sparebankendin.no



Statoil Service Seljord

Forhandler Kjell Birger Teigen
3840 Seljord
Telefon: 35 05 04 88
Telefon privat: 35 05 05 64
Bankgiro: 2711.05.00179



Funnemark SELJORD A/S

Ny eller brukt bil i alle prisklasser

Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 - Postboks 114, 3835 SELJORD

Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

Alt i bakevarer

MISJONSHUSET HAUSTEN 2017

Annan kvar tysdag er du velkomen på Misjonshuset for å vera med på gjennomgang av preiketeksten for påfølgjande sundag i kyrkjåret. Hausten 2017 vert desse samlingene 3., 17. og 31. oktober, 14. og 28. november. Du er også velkomen på Bibelhelg med Sam Tore Bamle leiar i Normisjon, region Telemark 27. - 29. oktober. Den årlege haustbasaren vert 10. november. Møta vert kunngjort i Vest-Telemark blad og på www.seljordindremisjon.no
Vel møtt! Arr: Seljord Indremisjon.



Nutheim
Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen
Telefon 35 05 21 43

ALT I INNRAMMING

Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:
www.rammeforum.com



3840 Seljord
Telefon 35 05 02 10

FØREMIDDAGSTREFF Haust 2017

FLATDAL

Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00

Flatdal Bedehus	11. oktober
Sion	8. november
Flatdal Bedehus	6. desember

Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

SELJORD MISJONSHUS

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

29. september
27. oktober
24. november

Med helsing Seljord sokneråd

STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

17. november

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Steinmoen Bu – og servicesenter og
Åmotsdal sokneråd*

SION I LANGLIM

Dag: Måndag Tid: kl. 11.00

27. november

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*

SELJORD

MISJONSFORENING

5. oktober, 2. november og 7. desember,
kl. 17.00 på Misjonshuset



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannal kapell

GUDSTENESTER

1.10. 17. s. i treeiningstida
Flatdal kyrkje kl. 11.00:
 Gullkonfirmantar. Hausttakkefest. Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Gullkonfirmantfest etter messa.

8.10. 18. s. i treeiningstida
Seljord kyrkje kl. 11.00:
 Gudsteneste. Keltiske songar v/ Eilev Bjørge.

15.10. 19. s. i treeiningstida
 Inga messe.

22.10 20. s. i treeiningstida
Seljord kyrkje kl. 11.00:
 Offer: Tv-aksjonen.

29.10. Bots-og bønnedag
Felles reformasjonsgudsteneste i
Notodden kyrkje kl. 11.00

31. oktober kl. 18.00
Preikegudsteneste i Seljord,
Flatdal og Åmotsdal kyrkjer.

5.11. Allehelgensdag
Seljord kyrkje kl.19.00:
 Me les namna og tenner lys for dei som er gravlagt i Seljord, Flatdal og Åmotsdal sokn sidan sist Allehelgensdag.

12.11. 23. s. i treeiningstida
Flatdal kyrkje kl. 11.00:
 Offer: Misjonshøgskulen.

19.11. 24. s. i treeiningstida
Seljord kyrkje kl. 11.00:
 Utdeling av adventshelsing til 1. klassingar.
 Offer: Barne- og ungdomsarb.
Flatdal kyrkje kl.19.00:
 Salmekveld med salmer av Martin Luther.

26.11. Kristi kongedag
Åmotsdal kyrkje kl. 17.00:
 Ljosmesse. Utdeling av adventshelsing til 1. klassingar.
 Fløytemusikk ved Silje Mikkelsen
 Offer: Barne- og ungdomsarb.

3.12. 1. s. i adventstida
Flatdal kyrkje kl. 11.00:
 Lys Vaken gudsteneste.
 Utdeling av adventshelsing til 1.klassingar, og aktivitetsbibel til 11-åringar.
 Offer: Barne- og ungdomsarb.

10.12. 2. s. i adventstida
Seljord kyrkje kl. 11.00:
 Offer: Kirkens Bymisjon

17.12. 3. s. i adventstida
Nes Bedehus kl. 11.00:
 Offer: Nes Bedehus

24.12. Joleftan
Seljord kyrkje kl. 15.00:
 Offer: Kirkens Nødhjelp
Seljord kyrkje kl. 16.00:
 Offer: Kirkens Nødhjelp
Flatdal kyrkje kl. 15.00:
 Offer: Kirkens Nødhjelp

25.12. Joledag
Seljord kyrkje kl. 12.00:
 Offer: NMS

28.12. 4. joledag
Åmotsdal kyrkje kl. 17.00:
 Offer: Kyrkjelydsarbeidet/ Betel.

31.12. Nyttårseftan
Seljord kyrkje kl. 16.00:
 Offer: Kyrkjelydsarbeidet

2018
7. januar
Mannal kapell kl. 17.00:
 Utdeling av jolehelsing til 5-åringar. Joletreffest etter gudstenesta. Utlodding.

Atterhald om endringar